

# Rådmannen

Det Kongelige Kunnskapsdepartement

Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksh. – tlf.	Dato
	2010/2727 - 2179/2011	Margun Landro - 55 09 72 40	01.02.2011

## Høyringsuttale NOU 2010:08 - Med forskertrang og lekelyst

Fjell kommune ved Komite for drift gjorde i møtet 18.01.2011 samrøystes vedtak om følgjande høyringsuttale til NOU 2010:8 ”Med forskertrang og lekelyst. Systematisk pedagogisk tilbod til alle førskulebarn.”

Brenna-utvalet har i dette NOU- arbeidet gjennomført ei omfattande utgreiing og analyse av den norske barnehagesektoren. Ein har sett på sektoren i eit historisk perspektiv, situasjonen pr i dag og i framtid. Utvalet har gjennom mange drøftingar peika på til dels omfattande tiltak for å klare å vidareutvikle eit systematisk pedagogisk tilbod til alle førskulebarn. Fjell kommune sluttar seg til det meste av utvalet sine tilrådingar men ønskjer å kommentere utvalde tema /tiltak :

### Kapittel 12.2 Gratis barnehage

Tiltaket om gratis 20 timar barnehageplass pr veke for alle barn 3-5 år kan synast ambisiøst og kostbart. Tiltaket er godt med tanke på å nå målgruppa familiar med låg inntekt og med barn i alderen 3-5 år. Det vil medføre ei halvering av foreldrebetalinga for foreldre med barn i denne årsklassen. På ei anna side vil ein då ha ulik foreldrebetaling avhengig av barnet sin alder. Gratis barnehage i 20 timar pr veke for barn 3-5 år vil venteleg føre til auka etterspørsel etter barnehageplassar. I Fjell kommune er det eit fåtal barn i denne aldersgruppa som ikkje har barnehageplass. Konsekvensane vert difor små for Fjell kommune i høve til auka etterspørsel etter barnehageplassar.

Gratis barnehageplass er ei svært kostbar ordning, avhengig av omfanget. Gratistilbod til alle barn eller til nokre utvalde aldersgrupper eller målgrupper. Eit rimelegare alternativ kunne vore å gje gratis barnehagetilbod til utvalde grupper som ein meiner har særleg behov for barnehageplass. Det vil derimot vera vanskeleg å finne gode kriterie for kven som skulle omfattast av gratistilbodet. Etter ei totalvurdering sluttar Fjell kommune seg til Brenna-utvalet sitt framlegg om gratis barnehagetilbod 20 timar pr veke for alle barn mellom 3- 5 år.

## **Kapittel 12.4 Barnehagens innhald og oppgåver**

Fjell kommune sluttar seg til Brenna-utvalet sitt syn på at det er viktig å ta vare på det heilskaplege læringsynet som dagens barnehagar byggjer på, der omsorg, allsidig utvikling, lek og læring står sterkt. Vidare sluttar Fjell kommune seg i hovudsak til utvalet sine konklusjonar og tiltak. Fjell kommune vil likevel peike på at ein skal vera varsam med å setje målsetjingar på enkeltbarn si måloppnåing i høve til ferdigheiter og funksjonsnivå i høve til basiskompetanse. Dette kan føre til uheldig press på prestering for einskildbarn og foreldre. Vidare må endringar i rammeplanen ta omsyn til barnet sin alder og funksjonsnivå. Jamfør utvalet sitt framlegg til tiltak om at også barnet sjølv får setje mål for eigen læring og utvikling.

### **Kapittel 12.4.3 Skuleførebuande oppgåver**

Fjell kommune ser positivt på at rammeplanen vert meir tydeleg på kva som bør vera skuleførebuande tiltak i barnehagen og sluttar seg til tiltaka i dette kapittelet.

### **Kapittel 12.4.4 Tilpassa tilbod og identifisering av barn med særlege behov.**

I dette kapittelet er det fokus på innføring av ein tretrinnsmodell for meir systematisk identifisering og oppfølging av barn med særlege behov.

I Fjell kommune har vi over fleire år hatt ei omfattande satsing på tidleg identifisering og tidleg innsats for barn som har særlege behov. Dette har Fjell fått til gjennom tverrfagleg og koordinert satsing gjennom tilsetjing av fleire kommunepsykologar, eigen helsesøster for barnehagar med hovudfokus psykisk helse, rettleiarteam for barnehagar og ved hjelp av innføring av ulike målretta program. Fjell kommune deltek i eit forskingsprogram saman med Universitetet i Tromsø knytt til innføring av barnehageprogrammet "De utrolige årene" – eit program som aukar personalet sin kompetanse og trening i å førebyggje og snu negativ åtferd hos barn. Vidare implementerer vi "Dinosaurskulen" – eit program som rettar seg mot 5 åringane i barnehagen. Programmet styrkar mellom anna barna sin sosiale kompetanse, meistring av sinne og lærer barna problemløysing og å setje ord på vanskelege følelsar. Vidare deltek Fjell kommune i Modell kommune- programmet. På barnehageområdet er ein i gang med å utvikle samarbeidsrutinar mellom barnehage og barnevern, utvikle metodar for tidleg identifisering og tidleg hjelp til barn av foreldre som slit med rus eller psykisk sjukdom. Mellom anna er ein av barnehagane i gang med å utvikle "Bekymringshjulet" som skal gje tilsette i barnehagane hjelp til å handtere uro for einskildbarn, hjelp til identifikasjon, hjelp til tiltak og informasjon om korleis ein kan kople inn andre i hjelpeapparatet elles i kommunen.

Utvalet sitt framlegg om ein tretrinnsmodell kan tolkast som uklar og upresis i høve til kartlegging, bruk av standardiserte kartleggingsverktøy og observasjonsrutinar etc. Kartlegging av einskildbarn i barnehagen, om alle barn skal kartleggast, eventuelt på kva tidspunkt og kor ofte ein skal gå inn å kartlegge, er eit kontroversielt tema. Temaet står også motstridande skildra i rammeplan for barnehagar. Fjell kommune meiner at dette er eit tema som må utgreiast nærare. Ein må ta i bruk forskingsbasert kompetanse på området eller alternativt må departementet ta initiativ til slik forskning. Dette arbeidet må inngå i det utvalsarbeidet i regi av kunnskapsdepartementet som skal sjå nærare på kartlegging og bruk av kartleggingsverktøy i barnehagesektoren. Fjell kommune kan gjerne bistå med sine erfaringar på dette området. Fjell kommune sluttar seg elles til utvalet sitt fokus på tidleg intervensjon og tidleg hjelp til barn i sårbare situasjonar og utvikling av systematikk for å avdekke vanskar så tidleg som mogleg.

### **Kapittel 12.5 Personalet i barnehagen.**

Dette er eit særleg kritisk og viktig tema for å lukkast i å gje eit systematisk pedagogisk tilbod til alle barn i barnehage, med god kvalitet. Fjell kommune har i stor grad gjennomført prinsipp om 2 pedagogar pr barnegruppe i kommunale barnehagar. Det vil sei at i nokre barnehagar har 50% av dei tilsette førskulelærerutdanning eller tilsvarande pedagogisk utdanning. Det er framleis vanskeleg å rekruttere til vikariat som pedagogisk leiar eller

førskulelærar, men erfaring viser at det er lettare å rekruttere førskulelærarar til barnehagar som har høg pedagogdekning. Fjell si erfaring er at gode fagmiljø verkar rekrutterande på fagfolk. Fjell kommune sluttar seg elles til utvalet sine tilrådingar om tiltak i dette kapittelet.

**Andre tema.**

Fjell kommune vil elles peika på utvalet sitt framlegg til å lovfesta kommunale foreldreutval for barnehagane. Representantar vert valt frå foreldreutvala i dei ulike barnehagane. Fjell kommune er positiv til dette. Fram til no har det gjerne vore profesjons- og eigarinteresser som har dominert på den barnehagepolitiske arenaen, nasjonalt og lokalt. Lovfesta kommunale foreldreutval kan bidra til at foreldreressursen vert tydeleggjort og foreldrestemmen kan høyrast i aktuelle barnehagepolitiske saker i kommunen. Vidare støttar Fjell kommune utvalet sitt syn på at barnehageområdet er eit underforska område. Det er trong for meir kvantitativ forskning på den norske barnehagen og korleis barnehagar fungerer for barn, barndom og risikoutsette barn.

Fjell kommune føreset elles at alle nye tiltak vert finansiert frå statleg hald.

Med helsing

Margun Landro  
Barnehagesjef i Fjell kommune